

– et aktuelt læremiddel
i tidsskriftform

NORSKnytt

ISSN 0801 5368

- Djupnelæring
- Fagfornyng
- Litteraturfokus
- Ungdomslitteratur
- Novelleopplegg

- Apertium
- Nynorskjuks
- Novellekatalog
- Mobbing
- Tradisjon vs modernisering
- Studieark



REDAKTØR: TONJE NØRINGSET BJORDAL

Kva er Norsknytt?

Norsknytt er eit læremiddel i tidsskriftformat, særleg mynta på norsklærarar i ungdomsskulen. Eit overordna mål for tidsskriftet er å tilby lærarar kopieringsoriginalar, praktiske undervisningstips og fagleg oppdatering. Norsknytt ønsker å gi liv og variasjon til norskundervisninga.

Norsknytt blei starta opp av norsklæraren Jon Hildrum i Namsos i 1976. Nord-Trøndelag fylkeskommune finansierte i ei lengre periode utgjevinga av Norsknytt, for å sikre at tidsskriftet blei tilgjengeleg for alle ungdomsskulane i Nord-Trøndelag. Seinare har tidsskriftet spreidd seg til resten av landet.

Alle tekstane i Norsknytt er omfatta av opphavsrett, men lærarar kan fritt kopiere alt stoff som er tilrettelagt for elevar.

Sidan oppstarten har Norsknytt hatt to redaktørar. Norsklærar Jon Hildrum var redaktør frå 1976 til 2006. Norsklærar Øystein Jetne var redaktør frå 2007 til 2016. Norsklærar Tonje Nøringset Bjordal er redaktør frå 2016.

Vil du abonnere?

Eit årsabonnement (fire nummer per år) kostar 695,- kroner. Bestillinga kan sendast til:

Norsknytt
Postboks 303
7601 LEVANGER

eller:

post@norsknytt.no

Bidragstytarar i dette nummeret:

Øystein Jetne
Tonje Nøringset Bjordal

Tidlegare årgangar

Abonnentar på Norsknytt har høve til å bestille tidlegare årgangar til redusert pris. Porto og sendekostnader kjem i tillegg:

♦ Årgangane frå 1990 til 1992 kostar 50,- kroner per årgang.

♦ Årgangane frå 1993 til 2006 kostar 200,- kroner per årgang.

♦ Årgangene fra 2007 til 2017 koster 350,- kroner per årgang.

Innholdsliste for Norsknytt 1-2018

- 3 Leiar
- 4 Omtale: nye ungdomsbøker
- 7 Studieark til to ungdomsromaner
- 9 Apertium: slik lurar elevane deg!
- 10 Kva er djupnelæring? Opplegg med spørsmål til drøfting
- 21 Intro til opplegg om noveller
- 22 Novellekatalog A-Q (ordna etter forfattar)
- 26 Tre noveller med opplegg

NORSKnytt

Litteraturprega Norsknytt-nummer

Dette nummeret av Norsknytt er prega av litteraturstoff. Innleiingsvis presenterer vi nyare ungdomslitteratur, fordelt på passande trinn. Her er det mykje snadder å anbefale elevane! I tillegg har vi valt ut to populære verk som vi også har laga studieark til. Dette kan vere greitt å tilby elevar som treng litt støtte til oppfølging av lesinga, eventuelt for å kunne følgje opp ein heil klasse som les same bok.

Fagfornyinga kjem med mange store ord: djupnelæring, eller dybdelæring, er eitt av desse noko vage omgrepa som vi etter kvart skal kunne fylle med innhald. Fleire sider i dette nummeret er sett av til refleksjonsspørsmål i tilknytning til tradisjonelle litteraturopplegg i norsk. Korleis skal norskfaget sjå ut om vi skal gå endå djupare inn i enkelttema? Kva treng vi å ha med vidare uansett? Kva omgrep vil også framover vere gjennomgripande i faget? Det er norsklærarane som kjenner faget best, og det er norsklærarane som skal fylle ordet djupnelæring med eit rasjonelt innhald i praksis.

Noveller og korte tekstar står sentralt i norskfaget. Vi løftar fram ei novelle per trinn med tilhøyrande oppgåver i dette nummeret. Nokre av oppgåvene går også djupare inn i tematikken i teksten. I tillegg har vi laga ei fyldig oversikt over noveller vi meiner er fine å bruke på ungdomstrinnet. Vi tillet oss også å foreslå kva trinn novella passar best på. Mange av novellene kan vere fine å bruke i samband med andre fag. Her er det imidlertid stort sett samfunnsfag, KRLE og andre fagområde innan norsken som er aktuelle (men andre auge kan nok fort oppdage også andre fagkombinasjonar!).

Sist, men ikkje minst, har vi dette nummeret sitt einaste innspel om språk: Apertium. Dette er ein nettstad som elevane brukar for å få tekstane sine omsett til nynorsk. Vi åtvarer mot denne nettsida, då det blir rekna som juks på eksamen, samstundes som bruken kan vere vanskeleg å avdekke. Ungdommen blir visst berre meir og meir datakyndige.

Som alltid er redaksjonen interessert i alle former for innspel. Kontaktinformasjon finn du på motsett side.



DE BESTE BØKENE FRA 2017




Hvilke godbiter slapp de norske forlagene fra seg i 2017? Norsknytt-redaksjonen har lest en rekke ungdomsbøker – og i tillegg saumfart anbefalinger fra bibliotekarer, bokanmeldere og litteraturjuryer. Bøkene som er omtalt på denne siden, kan passe ekstra godt for de yngste leserne på ungdomstrinnet.




Endre Lund Eriksen: *Baksiden*

Katrines far har tilsynelatende kjempeflaks. Han kjøper en Stratos-sjokolade og vinner en tur forbi Stratos-færen, en privattur rundt månen. Men på baksiden av månen forsvinner romskipet. Senere begynner den antatt omkomne faren å kommunisere med Katrine. Denne thrilleren handler om terrorisme, hacking og overvåkning. Med slike temaer kan boka appellere spesielt til gutter. *Baksiden* ble nominert både til Uprisen og Bokhandlerprisen. Lydbokversjonen har tre forskjellige opplesere, alle glimrende.




Neil Gaiman: *Neverwhere. London under*

Neil Gaiman er en av de store engelskspråklige ungdomsbokforfatterne. I 2017 kom han ut med både *Norrøne guder* og *Neverwhere* på norsk – begge kan anbefales til elever som liker å lese om det overnaturlige. Den praktfullt illustrerte *Neverwhere* bygger på en tv-serie Gaiman ikke var fornøyd med da han laget manuset til den. Handlingen? En ung skotsk forretningsmann støter på jenta Door fra Londons underverden. Til slutt blir han selv usynlig og reiser ned til underverdenen for å redde Door fra fiendene hennes.



Sofia Nordin: *Nå skjer det*

Hovedpersonen Stella vet at hun er populær, men hun er lei av rollen sin og de lite interessante samtaler om leppestifter og gitargutter. Stella merker at hun er blitt forelsket i bestevenninnen Sigrid, og dermed er det duket for grublerier og forsiktige forsøk på å utforske kjærligheten. Forlaget omtaler boka som en «sterk og nær historie om forelskelse, sorg, håp og svik – og om hvordan følelser som burde være enkle, ikke alltid er det». Boka er tilgjengelig også i svensk språkdrakt, på originalspråket.



Philip Pullman: *Støvets bok*

For et par tiår siden oppnådde Pullman braksuksess med fantasy-trilogien *Den mørke materien*. Nå vender Pullman tilbake med *Støvets bok*, som forteller forhistorien til *Den mørke materien*. Hovedpersonene denne gangen er Malcolm og Alice, to unge londonere som tar på seg å redde babyen Lyra og frakte henne til faren. Ferden begynner i en kano på Themsen, men utfordringene er mange – stigende havnivå bare ett av dem. Boka har mange lag, og den tar indirekte opp temaer som klimaendring, ulikhet og kriminalitet.



Ingelin Røssland: *Hevner*

Forlaget Mangschous Skumring-serie inneholder etter hvert mange titler som passer for spenningssøkende ungdomsskoleelever. Språkbruken er forholdsvis enkel, men ikke barnslig, og avsnittene er korte. Romanen *Hevner* ble nominert til Uprisen. Flere av de viktigste personene i boka har en litt trøblete bakgrunn. Handlingen skal ikke røpes her, men mobbing er et tema – og boktittelen er dekkende. Noe av det som gjør denne grøsseren god, er at miljøskildringene kan passe bra med norsk ungdomsliv anno 2017.



Jessica Schiefauer: *Guttene*


Seksuell utforskning, trakassering og magisk realisme er blant ingrediensene i denne ungdomsboka, som det ble laget spillefilm av i 2015. Den våren de tre venninnene Kim, Bella og Momo fyller 14 år, tilbringer de mye tid i et veksthus. Ved å drikke blomstersaften fra en av de eksotiske plantene, kan de tre forvandle seg til gutter og fri seg fra kjønnsrollene som de er vokst opp med. Ved å skifte kropp forstår de tre jentene enda bedre enn før hva det vil si å være jente og oppleve gutter som tar seg til rette.



DE BESTE BØKENE FRA 2017



Hvilke godbiter slapp de norske forlagene fra seg i 2017? Norsknytt-redaksjonen har lest en rekke ungdomsbøker og i tillegg saumfart anbefalinger fra bibliotekarer, bokanmeldere og litteraturjuryer. Bøkene som er omtalt på denne siden, kan passe for elever på både åttende, niende og tiende trinn.



Sturla Bang og Hilde K. Kvalvaag: *Under*

Barneheimsjenta Ela arbeider som alle andre jenter som slave i produksjonshallene i Zeijang-Volvo. I dette svensk-kinesiske framtidslandet styrer tyrannen Ingmor med jernhand. Dei som protesterer, risikerer å hamne på blodtappingsbenken og kan miste livet. Ei menneskeskapt miljøkatastrofe dannar noko av bakteppet for denne framtids-romanen, som byr på samfunnskritikk og etiske problemstillinger. Fantasifulle nyord gir lesaren litt ekstra å glede seg over. Boka er den første av tre om «Søsteranarkistane».



Liv Gulbrandsen: *Papirfly*

Faren til den 15 år gamle June dør brått, så bakteppet for boka er trist. Når moren foreslår at June skal skrive brev til dem som gjorde farens begravelse til noe å huske, tar June oppfordringen på en ganske original måte. Hele boka består av brev som June sender. Innholdet i brevene rommer mye absurd humor og mange minneverdige historier. På et litt dypere plan dreier boka seg om å takle sorg, om å skape mening ut av hendelser som virker forvirrende.




Alexander Løken: *De døde ser deg*

Mange unge lesere vil fra før av kjenne til Alexander Løken, for han er mannen bak de populære barnebøkene *Trollskallen*, *Ormeegget* og *Ulvehammeren*, som alle bygger på norsk folketro. *De døde ser deg* er Løkens første ungdomsroman, men også denne boka inneholder overnaturlige hendelser. Hovedpersonen Liv Wiik har rundet 16 år, er dødssyk og har kontakt med døde. Eieren av et Facebook-liknende nettsted er en gribb etter informasjon. Han vil overvåke andre og presser Liv til å hjelpe ham.



Tor Arve Røssland: *Dronen*

Thomas har fått en drone i julegave. Den bruker han til å filme, men når han gjør opptak av en arrangert bilulykke, vikler han seg inn i et kriminelt miljø. Den ene hendelsen tar den andre, og til slutt er Thomas langt unna å være den snille gutten som foreldrene innbiller seg at han er. Romanen viser hvordan en ung gutt som føler seg utenfor og truet, kan bli et stort problem for samfunnet. Både trusler og terrorisme er viktige temaer. Romanen inngår i Skumring-serien – letteste bøker for ungdomsskoleelever.



Maria Turtschaninoff: *Maresi*

Nonnene ved Det røde klosteret tar imot jenter som av ulike årsaker trenger beskyttelse og trygghet. Klosterets bibliotek blir favorittplassen til tenåringsjenta Maresi, og boka dreier seg blant annet om hvilken kraft kunnskap har. I starten av boka blir leseren kjent med klosterlivet. Dramatikken øker når et skip med menn klarer å trenge seg gjennom øyas magiske forsvarsverker. Kvinnene på øya må møte vold med list og klokskap. Denne finske fantasyromanen om død og æresdrap er blitt solgt til mange land.



Ingrid Ovedie Volden: *Hjertet er en knyttneve*

Oliver og Anine veksler på å ha fortellerstemmen i denne romanen. Oliver er en kul gutt med høy status i kameratgjengen. Dårlig liker han at moren har valgt å flytte hjemmefra, og mye bekymrer han seg over faren som mister gløden fullstendig. Langt unna skolen blir Oliver kjent med klassekameraten Anine, den tause jenta som for alt i verden ikke vil bli lagt merke til. Boka har et kjærlighetstema, men dreier seg også om livsmestring og psykisk helse. Humor finnes, og boka bør appellere like mye til gutter som til jenter.



DE BESTE BØKENE FRA 2017



Hvilke godbiter slapp de norske forlagene fra seg i 2017? Norsknytt-redaksjonen har lest en rekke ungdomsbøker og i tillegg saumfart anbefalinger fra bibliotekarer, bokanmeldere og litteraturjuryer. Bøkene som er omtalt på denne siden, kan passe ekstra godt for de eldste leserne på ungdomstrinnet.



Synnøve Sunn Løes: *MISS*

Den 16 år gamle Ea har droppet ut av skolen og er selverklært tjukkas. Foreldrene sender henne til psykiater for å takle vonde minner, men der møter hun en psykiater som er en svadaproducent av de helt store. Ea forsøker å hekle seg ut av problemene, men salget av kattebadedrakter og hundebikininier på internett tar ikke helt av. Boka, som har mye humor og mye alvor, ble tildelt Riksmålsforbundets barne- og ungdomspris 2017. Den usedvanlig rike språkføring var blant av juryens argumenter.



Lars Mæhle: *Den stille flokken*

Kriminalromanen *Den stille flokken* er marknadsført som voksenbok. Forfatteren set søkelyset på ein av dei mørkaste plettane i norsk historie: behandlinga av romanifolket gjennom 1900-talet. Handlinga tar til med at ein psykiatrisk pasient rømmer frå lukka avdeling. Dagen etter blir to systre funne drepne i skogen. Spora fører mellom anna til Svanviken arbeidskoloni på Nordmøre, der omstreifarfolket skulle lære å oppføre seg som fastbuande. Romanen er skriven på ein lett forståeleg måte, på nynorsk.



Bjørn Sortland: *Hver morgen dyppet min søster brystene ...*

Hva kan vi tenke oss at asylsøkere fra Syria har opplevd før de kommer til Norge? I denne romanen følger Bjørn Sortland en ung jente fra Aleppo på ferden nordover. Foreldrene og søsteren er blitt drept. Nabolaget der hun vokste opp, er gjennombombet. Den 17 år gamle Mariam velger å flykte fra hjemtraktene. Hun møter noen som hjelper, men også noen som ganske skamløst forsøker å utnytte henne.



Heidi Sævareid: *Bruddlinjer*

Hedda og broren Daniel har begge passert 18 år, avsluttet videregående og flyttet hjemmefra, men voksenlivet er ikke så lett å takle. Den blakke biologistudenten Hedda har skaffet seg en langt eldre kjæreste. I ferien er det likevel den jevngamle broren hun følger på temmelig alternative og hippieliknende festivaler i England og Spania. Tarotkort og okkulte ritualer er blant ingrediensene. Forholdet til broren er motoren i boka: Begge to leter etter identiteten sin. Gode sms-samtaler er et ekstra pluss.



Angie Thomas: *The hate U give*

Politivold er et kontroversielt tema, ikke minst i USA der mange afro-amerikanere føler seg forfulgt av en i hovedsak euro-amerikansk politistyrke. Hovedpersonen Starr Carter er 16 år og beveger seg mellom to verdener: det fattige svarte lokalmiljøet, der hun bor, og den finere privatskolen i forstaden, der hun tar utdanning. Når Starr ser at en ubevæpnet venn brutalt bli skutt og drept av politiet, må hun ta viktige og vanskelige valg. Hatkriminalitet og rasisme er viktige temaer i *The hate U give*, som også er gitt ut som lydbok.




Nicola Yoon: *Sola er også en stjerne*

To skjebner krysses i New York. Den 17 år gamle Natasha lever utrygt i USA etter at faren har vedgått for politiet at han er ulovlig innvandrер fra Jamaica. Den jevngamle Daniel med asiatisk bakgrunn lurar på om han skal trosse foreldrenes planer om å begynne på et eliteuniversitet. De to forelsker seg ved første blikk, selv om de er aldri så ulike. Fortellerstemmen veksler på en fascinerende og svært virkningsfull måte mellom de ulike figurene i romanen.

UNGDOMSBOK

Studieark



Ungdomsromanen *Dronen*, utgitt i 2017, er skrevet av **Tor Arve Røssland**. Boka inngår i Skumring-serien, som Mangschou Forlag kaller «et lettest alternativ for ungdom. Intense, handlingsorienterte og korte fortellinger tilpasset ungdom som trenger lesetrening». Forfatteren har tidligere skrevet *Gamer* og *Snatch* i den samme serien, og han har hatt suksess med grøsserbøkene om Svarte-Mathilda (på nynorsk).

Hvem passer boka for? Romanen er rik på handling og reiser mange spørsmål om teknologi, fremmedfrykt, utenforskap og terrorisme. Terskelen er lav og taket høyt: Denne letteste boka bør kunne engasjere mange elever, og den kan også egne seg som høytlesningsbok. Innholdet berører høyreekstrem terrorisme, så diskusjoner i etterkant kan være lurt.

Førlesingsoppgaver

- Hva er en drone?
- Hva kan en drone brukes til?
- Skriv en kreativ tekst om droner.

Handlingsreferat

KAPITTEL 1–15 (s. 5–68)

Jeg-personen Thomas er 14 år, har nettopp flyttet til et nytt sted og er

venneløs. I jula får han en drone i gave. På den første flyturen filmer Thomas en motorsyklist på flukt fra politiet, men når politiet kommer på besøk og forteller om en dødsulykke, nekter Thomas for kjennskap til saken. På den nye skolen blir Thomas kjent med Erik, som også filmet flukten. Erik visste på forhånd hva som skulle skje, for Erik er venn med Pål, Albert og Terje, som har til hobby å skape bilulykker de kan filme. Filmene sprer de på sosiale medier. Thomas blir med på å filme en ny ulykke. Denne gangen blir mange skadet i en kjedekollisjon.

KAPITTEL 16–28 (s. 69–136)

Thomas begynner å lure på hva han egentlig er med på, når han får høre om alvorlige personskader. Hjemme hos Thomas beslaglegger politiet dronen, pc-en og mobilen, men Thomas krever dem tilbake med støtte fra foreldrene. Thomas kan data og hjelper de nye vennene med å skjule digitale spor. På en hyttetur med flere godt voksne venner blir han overbevist: «Vi må skremme utlendingene bort.»

KAPITTEL 29–38 (s. 137–68)

«Vennegjengen» blir en sovende terrorcelle med planer om å bombe bryllupet til en utlending, Malik. Thomas skal filme med dronen. Klassekameraten Erik angrer seg og varsler politiet, som får stanset angrepet. I avhøret spiller Thomas angrende synder, men han sier til seg selv at han skal fortsette kampen mot innvandrere når han settes fri.

Diskusjonsoppgaver

Oppgave 1. I kapittel 1 får Thomas vite at politiet har henlagt etterforskningen av et overfall mot ham. Hvordan preger overfallet og henleggelsen måten Thomas tenker på?

Oppgave 2. Hva synes du selv er god skikk og bruk når det gjelder bruk av droner med filmkamera?

Oppgave 3. Hva synes dere om at Thomas og vennene hans filmer kriminelle aktiviteter og sprer filmene via sosiale medier? I hvilke tilfeller synes

dere det kan være riktig å spre bilder av ulykker og kriminelle aktiviteter?

Oppgave 4. Synes du foreldrene til Thomas støtter og setter grenser for sønnen sin på en god måte? Hvorfor? Hvorfor ikke?

Oppgave 5. Hvordan kommer fremmedfrykt og innvandrerrhat fram gjennom romanfigurenes handlinger, replikker og tanker?

Oppgave 6. Hvorfor varsler Erik politiet om Thomas? Når er det riktig å varsle politiet om planer og påfunn som gode venner står bak, synes du?

Oppgave 7. Diskuter påstanden: «Romanen *Dronen* gjør oss klokere på hvordan terrorisme oppstår.»

Oppgave 8. Nedenfor ser du fem sitater som viser hvordan Thomas tenker og taler på ulike tidspunkter. Hvilke tre sitater synes du sier mest om Thomas? Hvorfor?


- A) «Hva faen er i veien med politiet?»
- B) «Jeg liker å dusje. Her kan ingen se at jeg gråter.»
- C) «Man skal koddde med kompisene sine.»
- D) «Føler meg som en konge. De kan ikke ta meg på noe.»
- E) «Tror de at snakking skal få meg tilbake til normalen?»

Oppgave 9. En grøsserroman er en roman som tar i bruk skrekkeffekter. Hva taler for å omtale *Dronen* som en grøsserroman, og hva taler imot?

Oppgave 10. Filmene *Napola* (2004) og *The Wave* (2008) forteller også om hvordan og hvorfor ungdom slutter seg til høyreekstreme bevegelser. Se minst én av filmene. Diskuter deretter hvordan filmen(e) likner og ikke likner på «Dronen».

UNGDOMSBOK

Studieark



Bjørn Sortlands ungdomsroman *Hver morgen dyppet min søster brystene i isvann for å bli pen* ble utgitt høsten 2017. Forfatteren bringer leseren til borgerkrigen i Syria. Ganske lykkelige dager i Homs i 2011 blir avløst av en usikker flyktningtilværelse med retning mot Norge.

Hvem passer boka for? Sidetallet nærmer seg to hundre, men kapitlene er mange og avsnittene korte, så boka kan passe også for elever som strever litt med å lese.

Hovedpersonen er en syrisk jente som vi følger fra hun er 14 til hun er 17. For gutter kan det hjelpe på motivasjonen å få vite at Sortland er forfatteren bak serien om Kunstdetektivene (*London-mysteriet*, *Istanbul-mysteriet*, osv.). Også denne romanen er en velskrevet spenningsbok, men med dystre omgivelser og ganske voksne problemstillinger. På tiende trinn bør den kunne passe for omtrent alle elever.

Elever som skal fordype seg i boka, står på grunn av skrivemåten overfor en krevende oppgave. Jeg-fortelleren beskriver en rekke hendelser og har mange interessante tanker. Vi håper og tror at diskusjonsoppgavene kan hjelpe elevene med å «åpne opp» ungdomsromanen.

Handlingsreferat

DEL I. KAPITTEL 1–32 (s. 5–67)

Året er 2011. Jeg-personen Mariam er 14 år, går på skole og flørter med den kjekke Nizar. Foreldrene, begge leger, hvisker om utrygge tider og bestemmer at familien skal flytte fra Homs til Aleppo. Der fortsetter handlingen, men årstallet er nå 2014, og den syriske borgerkrigen er på sitt verste. Kjæresten Nazir er blitt skutt gjennom hodet; storesøsteren Asil og foreldrene er blitt bombet i hjel. Mariam er alene om å ta vare på lillebroren Luka, som er syk. Når hun prøver å ordne med antibiotika, blir hun bedt om å ligge seg til det.

DEL II. KAPITTEL 33–48 (s. 69–106)

Etter sex-tilbudet bestemmer Mariam seg for å flykte fra Aleppo sammen med den tause broren. Mariam kler seg i burka for å unngå oppmerksomhet. De bruker penger som faren etterlot og reiser med smuglere til Tarsus i Tyrkia.

DEL III. KAPITTEL 49–65 (s. 107–145)

Daron, en godt voksen tyrker, blar opp penger og tar med seg Mariam og Luka til hjemmet og kona i Izmir. Der har han planlagt å gjøre Mariam gravid, sånn at han og kona kan få et barn å oppdra. På andre forsøk klarer Mariam å flykte, etter å ha slått Darons kone til blods.

DEL IV. KAPITTEL 66–80 (s. 148–175)

Mariam møter Krastio, en ung mann som vil hjelpe dem over grensen til Bulgaria. Søskenene må gjemme seg i fryseboksen bak i bilen, men der er det så kaldt at den syke lillebroren dør. Mariam får panikk og lager støy på galt tidspunkt, så bilen blir stoppet og Krastio arrestert.

DEL V/VI. KAP. 81–90 (s. 177–194)

Mariam sørger. Hun får hjelp av en prest til å flykte videre til Bulgarias hovedstad Sofia, og hun får følge av tre eldre damer på toget dit. Boka slutter når en av damene advarer henne mot Norge, som sender 18-åringer tilbake igjen til krigsområder. Det er uklart hva Mariam bestemmer seg for å gjøre.

Diskusjonsoppgaver

Oppgave 1. I kapittel 1 forklarer Mariam hvordan Nizar kan hjelpe henne: «Først og fremst munn-til-munn-metoden. Og så må du løsne litt på klærne mine, kanskje ta av meg litt.» Hva oppnår forfatteren med en slik åpning? Hvordan passer åpningskapitlet med resten av boka?

Oppgave 2. I kapittel 21 stiller Mariam sju retoriske spørsmål til pilotene som slipper bomber over Syria. Hvordan kan piloter forsvare å bombe uskyldige, forsvarsløse barn?

Oppgave 3. I kapittel 33 forteller Mariam: «Jeg er så redd for å glemme hvordan foreldrene mine var, hvordan ansiktene deres så ut. Jeg har ingen bilder lenger.» Hvis du bare fikk ta med deg fem ting, hva ville du tatt med deg hvis du selv skulle legge ut på flukt?

Oppgave 4. I kapittel 66 beskriver Mariam hvordan hun er blitt: «Jeg er fri og vestlig. Jeg er en løgner. Jeg er en tyv. Jeg er voldelig.» Hvorfor sier Mariam dette til seg selv? Hva kunne du ha sagt for å gi Mariam et bedre selvilde?

Oppgave 5. Hva gjør forfatteren for å sikre at leseren utvikler sympati med hovedpersonen i boka?

Oppgave 6. På bokomslaget blir det påstått at denne ungdomsromanen er «realistisk og hjerteskjærende». Hvordan kan du begrunne denne påstanden best mulig?

Oppgave 7. Baksideillustrasjonen ligner forsideillustrasjonen, men hånden, nesa og munnen er borte. Hvordan passer illustrasjonene med tittelen og innholdet i boka?

Oppgave 8. Hva er det som gjør boka god? Hvorfor bør flere lese den?

Apertium.org – slik lurar elevane deg

Har du opplevd at nokre av elevane dine plutsleg meistrar nynorsk på eit heilt anna nivå, gjerne med spor av konservativ nynorsk frå Sørvestlandet? Då kan det hende at elevane har vitja nettstaden apertium.org.

Dei fleste kjenner *Google Translate*, der ein kan få hjelp med å omsetje frå eit kjeldespråk til eit målspråk, men denne tenesta omfattar ikkje nynorsk. Då er *apertium.org* eit betre val for dei som vil ha hjelp i norskfaget, for på denne nettsida kan ein forvandle bokmålstekstar til nynorsktekstar. Ein limer ganske enkelt inn bokmålsteksten og får nynorskteksten i retur, heilt gratis.

Omsetjingsprogram er juks

Til eksamen både på grunnskulen og på vidaregåande blir bruk av omsetjingsprogram rekna som juks, og eleven mistar både standpunkt-karakteren og eksamenskarakteren dersom jukset blir oppdaga. Derfor er det viktig at nettet er stengt når elevane har viktige prøver.

Men eit stengt nett er ikkje nok: Brukar elevane sine eigne datamaskinar, kan dei på førehand lagre programmet på harddisken, eller dei kan ha det lagra på ein minnepinne. Det store spørsmålet er dette: Korleis kan ein oppdage at eleven har juksa etter at teksten er levert?

Konservativ og sørvestlandsk nynorsk

Heilt sikker på juks kan ein aldri vere, men det er fullt mogleg å byggje opp ei indisiekjede. Den nynorsken som *Apertium* produserer, har nemleg nokre særtrekk:

- Alle dei verba som normalt endar på -e i infinitiv, får i *Apertium* ending på -a, til dømes 'koma', 'jobba', 'møta', 'seia' og 'vera'.
- Tidsadverbet 'da' på bokmål blir til 'då' på nynorsk, og 'mens' blir til 'medan'.
- Verbet 'bli' på bokmål blir til 'verte' på nynorsk. På den same måten blir 'tar' til 'tek', 'begynner' til 'byrjar', 'gir' til 'gjev' og 'har gitt' til 'har gjeve'.
- Også andre konservative skrivemåtar kan få alarmklokkene til å ringe: Med *Apertium* blir 'egentlig' til 'eigenleg', 'advarsel' til 'åtvaring', 'derfor' til 'difor', 'mulighet' til 'høve' – og 'også' til 'øg'.

No er alle desse skrivemåtane lovlege, og for ein del rogalendingar og hordalendingar heilt naturlege val, men kombinasjonen av desse særtrekka

kan altså vere eit teikn på at eleven har nytta seg av *Apertium*. Før ein konfronterer eleven med mistankane, kan det likevel vere lurt å studere det som finst av feil i teksten, for også feiltypar kan vere avslørande.

Merkelege feil

Apertium er eit avansert program, der den plassen ordet har i setninga, avgjer korleis ordet blir omsett. Blir setningane for rare, kan ein jo prøve seg i elevrolla, skrive inn ei bokmåls-setning i *Apertium* – og sjå kva som skjer.

Her er nokre døme på at *Apertium* enno ikkje er perfekt:

- Uttrykket '**den** 18. juli 1936' blir til '**han** 18. juli 1936'.
- Setninga 'Det viste seg å **stemme**' blir til 'Det viste seg å **røysta**'.
- Setninga 'Ho ser riktig **beskjeden** ut' blir til 'Ho ser riktig **meldinga** ut'.
- Setninga 'Da kan det **vere lurt** å rope' blir til 'Då kan det **lurast** å rope'.
- Setninga 'Dei kjem frå **kvar sin kultur**' blir til 'Dei kjem frå **kvar kulturen sin**'.

Generelt kan det fort bli krøll med omsetjinga når det finst passivkonstruksjonar i teksten.

Frase for frase, ikkje ord for ord

Alle omsetjarar veit at dei ikkje kan omsetje ein tekst ord for ord. Ein må i det minste forsøke å omsetje teksten frase for frase, sidan rekkjefølgja til orda og setningsledda kan variere frå språk til språk. Så avansert er også *Apertium*. Uttrykket 'min mor' blir automatisk til 'mora mi', medan 'kvinnens alder' blir til 'alderen til kvinna'.

Ut frå dei andre orda i setninga, er det også slik at *Apertium* kan avgjere kva ordklasse eit ord høyrer til. Såleis blir ordet 'høy' uendra i setninga 'Det var mykje **høy** i låven'. men til '**høg**' i setninga 'Karakteren var anten **høg** eller låg'.

Kva skjer så når *Apertium* blir endå eit hakk betre? Allereie i dag presterer *Apertium* betre enn dei aller fleste nynorskelevar, omsetjinga åleine held som regel til karakteren fem. Får vi snart sjå at omsetjingsprogram blir tillatne til eksamen? Det finst dei som håper på det ...

Kva er egentleg djupnelæring?



Kva er skilnaden mellom fortidsskulen og framtidsskulen? Korleis kan omgrepet «djupnelæring» tolkast i praksis?

Professor Sten Ludvigsen og utvalet hans har gjort seg viktige tankar rundt dette. Konklusjonen til utvalet er at for å meistre utfordringar i framtida, treng elevar å lære å skape samanheng og velje ut sentral informasjon. Dei fleste kan nok stille seg bak dette. Likevel er det foreløpig på eit teoretisk nivå. Kva betyr djupnelæring for norskfaget i praksis? Kva omgrep er sentrale som verktøy for å skape samanheng innanfor fleire område i faget? Kva evne treng ein for å klare å velje ut sentral informasjon? Og spørsmåla vil knapt nokon ende ta.

På dei neste sidene følgjer nokre tradisjonelle opplegg og tema innanfor litteratur i norsk. Dette er tema som har vore innlemma i dei fleste læreverka i norsk, er aktuelle til munnleg eksamen på 10. trinn og som ein tradisjonelt har forventa at elevar i slutfasen av ungdomstrinnet kan noko om. Til kvart opplegg følgjer ei rute med spørsmål til diskusjon kring Korleis ein kan tolke omgrepet djupnelæring i samband med dei ulike temaa.

Litterære verkemiddel

Under følgjer ei oppstilling av litterære verkemiddel vi har bruk for når vi analyserer litteratur innanfor episk diktning som drama, roman og novelle.

Komposisjon	Dramatisk oppbygging: Eksposisjon – innføring Stigning – tilspissing Høgdepunkt Vendepunkt Løysing – rettferda vert oppfylt
Forteljar-haldning	Synsvinklar: Autoral – handlinga skildra frå forfattaren sin synsstad – anten er forfattaren allvitande, eller han veit ikkje meir enn personane i diktverket. Personal – forfattaren er identisk med ein av personane i diktverket. Framstillinga kan vere i Eg – form, eller i 3. person-form.
Stil	Sagastil – korte, knappe setningar Folkevisestil – ofte substantiv utan artikkel Skildrande stil – mykje bruk av adjektiv Refererande stil – handlingsreferat Replikkveksling – direkte tale Paratakse – korte, sideordna setningar etter kvarandre Hypotakse – utbreidd bruk av leddsetningar
Parallellisme	Handlingar, skildringar, uttrykk som kjem att på ulike stader i verket.
Oppattaking	Skal tene til å forsterke uttrykket. Døme: Danse, danse dokka mi
Kontrastar	Motsetnader, motsette situasjonar, handlingar motsette personar, motsette uttrykk, adjektiv
Tautologi	Nokolunde identiske ord blir sett ved sidan av kvarandre . Døme: rov og slit - visnar og døyr
Satire	Gjere narr av personen eller forhold, ofte politisk retta.
Motiv	Ytre forhold - hendingar og situasjonar som går inn i den ytre handlinga. Ein snakkar om hovudmotiv og sidemotiv. Motivet skal belyse temaet.
Tema	Det diktverket eigentleg handlar om. Orda si overførte betydning er viktig. Temaet er diktverket sin konnotasjon. Med konnotasjon meiner vi den førestellinga som orda samla framkallar. Temaet vil svært ofte vere det same som ideen, budskapet eller livshaldninga i diktverket.
Allusjon	Bilete som er kjende frå andre samanhengar. Døme: Han var ein Goliat. Å setje lyset si under ei skjepp. Han åt og drakk, var aldri glad.
Allegori	Likning – jamfør Jesu likningar.
Besjeling	Og/eller personifikasjon. Plantar, gjenstandar, naturkrefter eller abstrakte omgrep vert gjevne menneskelege eigenskapar. «Stormen brøler», «knoppene spring ut», «tida flyg»

Litterære verkemiddel

SPØRSMÅL TIL REFLEKSJON

- ✓ Kva for nokre av desse omgrepa er sentrale for å skape samanheng i norskfaget?
- ✓ Er det nokre av omgrepa som skal bort? I så fall kva for nokre?
- ✓ Kvifor treng ein desse omgrepa?
- ✓ Kva kan eller bør eventuelt endrast i denne oversikta for at ho skal imøtekome krava om djupnelæring?
- ✓ Skal andre omgrep inn?
- ✓ Skal ein halde fram med å bruke omgrepa på same måte?
- ✓ Skal elevar og/eller lærarar sjølv kunne velje kva omgrep som står sentralt?



Undervisningsopplegg 1

Tekst: «Anekdote til senking av arbeidsmoralen» av Henrich Bøll

Litterær analyse – novelle

Komposisjon	1) Eksposisjon- varer til første replikk. Miljø og personar vert presenterte 2) Konflikten- oppstår då turisten oppdagar at fiskaren har gjort berre ein tur den dagen . Turisten vil overtyde fiskaren om at han vil tene meir stort på å arbeide meir. 3) Konfliktmotsetningane – er uttrykte ved fiskaren sin stoiske ro og turisten sine ville fantasiar. 4) Høgdepunkt : Fiskaren kan sitje i sola i fred og ro 5) Turisten har ikkje lenger medynk med fiskaren. Rettferda er oppfylt. Balansen er oppretta.
Parallellar	Fattigslege klede – armudslege klede Ligg og halvsøv - sit og halvsøv Turisten byr på sigarett – fiskaren byr på sigarett
Oppattaking	Klikk, klikk, klikk, andre, tredje, fjerde. To – tre – fire gonger. De kunne – de ville kunne – de kunne kanskje
Paratakse	Sidestilte setningar om kva fiskaren kunne gjere
Samanlikning	Snøkvitt bærebrus, fattigslege klede
Besjeling	Fiendsleg klikking
Kontrastar	Dei to personane er store kontrastar. Det verkelege miljøet står i kontrast til fantasimiljøet
Motiv	1) Idyllen i hamna i godveret 2) Turisten og klikkinga (fotograferinga) hans 3) Frambydinga av sigarettar 4) Fantaseringa om framtida
Synsvinkel	Autoral forteljarhaldning
Stil	Reportasjestil i refereringa. Korte, knappe setningar i replikkane. Sidestilte setningar (paratakse). Parataksen framhevar intensiteten og iveren til turisten. Orda fossar ut av han.
Symbolbruk	Hamna – tryggleik, vern Havet - fridom Raud fiskarlue – fridom
Tema	Lukka i livet er ikkje avhengig av pengar
Tolking	Konklusjon

Undervisningsopplegg 1

Tekst: «Anekdote til senking av arbeidsmoralen» av Henrich Bøll

Litterær analyse – novelle

Arbeidsmåte:

- 1) Elev les novella høgt
- 2) Individuelt arbeid (sjå spørsmål)
- 3) Gå i grupper på 2-4 elevar. Bli samde om eit felles svar på spørsmåla.
- 4) Ein av gruppemedlemmene legg fram gruppesvaret i plenum. Eventuell diskusjon.

Spørsmål:

- a) Marker innleiing og avslutning på novella
- b) Kva meiner du novella egentleg handlar om?
- c) Kven av dei to personane har du mest sympati med? Grunngje svaret.
- d) Kva er dei usamde om?

SPØRSMÅL TIL REFLEKSJON

- ✓ **Kva kan slike analysar tilføre for eleven i ein større heilskap?**
- ✓ **Kva er overføringsverdien til andre, liknande oppgåver?**
- ✓ **Er arbeid med slike korte tekstar djupnelæring?**
- ✓ **Er det å lokalisere bruk av ulike verkemiddel i ein tekst djupnelæring?**
- ✓ **I så fall: kva er skilnaden på opplegg som det over, og opplegg i framtidsskulen?**
- ✓ **Kva kan eller bør endrast i dette opplegget for at det skal innfri krava om djupnelæring?**
- ✓ **Er høgtlesing verd å bruke tid på når ein skal drive djupnelæring?**
- ✓ **Er diskusjonar i grupper om slike korte tekstar meir formålstenleg enn individuelt arbeid?**
- ✓ **Dersom elevar jobbar med ulike tekstar eller tema, skal ein bruke tid på å dele med klassen det ein har jobba med og funne ut?**

Lyrikk og dikttolking

Når ein skal tolke og arbeide med dikt og lyrikk, har ein tradisjonelt brukt litt andre omgrep enn ved gjennomgang av roman, novelle og drama. Under ser du ein gjennomgang av desse tradisjonelle omgrepa.

Strofe	Avsnitt i diktet (ofte feilaktig blanda saman med vers)
Verselinje	Ei linje i strofa
Metrikk	Versemål, rim, rytme, strofedeling
Å skandere	Å gjere greie for versemål og rytme
Versemål	Jambe Troke Daktylos Anapest
Rim	Enderim Bokstavrim Utan rim Assonans: ord som skal rime ved hjelp av same vokal: Ljuge – trudde, glans - vang
Strofeinndeling	Fast oppbygging: alle strofer er like med omsyn til vers, verseføter, rim og rytme Rapsodisk: lausrive, utan samanheng i forma Fri rytme: utan verseføter
Symbol	Noko som står for noko anna. Vanlege symbol i lyrikken: havet, fjellvidda, sola, vinden, stjernene, skyene, fuglen, ørna, dua, treet, elvestraumen
Språklege bilete	Samanlikning: raud som blod, kvit som snø Metafor: utan som. Ein brukar bileta direkte; kjærasten min er ei rose, du er min eigen skatt.

SPØRSMÅL TIL REFLEKSJON

- ✓ Dikttolking blir ofte sett ein sær s tradisjonell aktivitet i norskfaget. Skal dikttolking framleis stå sentralt?
- ✓ Korleis skal ein eventuelt tolke dikt ut frå djupnelæringsprinsippet?
- ✓ Kva omgrep treng ein i samband med diktlesing? Kan vi bruke dei same omgrepa som før?
- ✓ Treng vi både eldre og nyare dikt, for å sjå utviklinga? Eller held det med eit kva som helst døme på dikt for å lære å meistre reiskapane ein treng?
- ✓ Kva kan eller bør eventuelt endrast i denne oversikta for at ho skal innfri krava om djupnelæring?

Undervisningsopplegg 2

Tekst: *Smeden og Bageren* av Johan Herman Wessel

Der var en liten by, i byen var en smed,
Som farlig var når han ble vred.
Han seg en fiende fikk; (dem kan man alltid få,
Jeg ingen har, det gå
Min leser likeså!)

Til uhell for dem begge to
De treffes i en kro.
De drakk (jeg selv i kro vil drikke;
For annet kommer jeg der ikke.
Anmerk dog, leser! dette:
Jeg immer går på de honette.)
Som sagt, de drakk,
Og etter mange skjellsord, hissig snakk,
Slår smeden fienden på planeten.
Så sterkt var dette slag,
At han så ikke dag
Og har ei siden set 'en.

Straks i arrest ble smeden satt
